

Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr:

Sak nr 24/2016

Møtedato: 31.8.16

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Harald Ranum

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Søknad om oppføring av mobilmast – uttale til Statskog

Fjellstyret har fått søknad om oppføring av mobilmast til uttale frå Statskog. Tiltaket er grunndisponering etter §12 i fjellova. Statskog behandlar søknaden etter uttale frå fjellstyret.

Technogarden AS har fått i oppdrag frå Telia Norge AS (tidlegare Netcom) med arbeid i samband med utbygging av infrastruktur for mobildekning i Norge. Dei søker om å få bygge ei 25 meter gittermast med tilhøyrande utstyrshytte på ca. 6m². Masta skal stå opp for stølane på Nørre Gile.



Slike tiltak er nødvendige for å få god mobildekning i fjellet og det er ut frå dette eit positivt tiltak. Tiltaket er skjemmaende ut frå miljøomsyn, men ikkje større enn ein må kunne akseptere inngrepet. Det bør vera ein føresetnad at andre mobiloperatørar kan nytte masta om det er aktuelt. Det er kanskje vilkår om dette i mobiloperatørane sin konsesjon, men det har ein ikkje undersøkt nærare.

Framlegg til vedtak

Fjellstyret tilrår at det blir gjeve løyve til oppføring av mobilmast slik det er søkt om. Det bør stillast krav om andre mobiloperatørar kan nytte masta om det ikkje er vilkår om dette i Telia sin konsesjon.

Vedtak

Fjellstyret tilrår at det blir gjeve løyve til oppføring av mobilmast, men ber utbyggjar vurdere ei anna plassering fordi omsøkt plass er nær hovudstig for ferdsel til Gilafjellet. Det bør stillast krav om andre mobiloperatørar kan nytte masta om det ikkje er vilkår om dette i Telia sin konsesjon.

Vedtaket er samrøystes.

Vestre Slidre fjellstyre den 31.8.16

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog